

MØTEINNKALLING

Utval: Komite for næring, kultur og idrett
Møtestad:
Dato: 26.02.2015
Tid:

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg,

Bjørn Oterlei
Leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 9/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 10/15	Søknad om kulturmidlar - eingongsinvestering, Bergsøy Idrettslag

PS 9/15 Godkjenning av innkalling og sakliste



Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2012/62
		Arkiv:	C20

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
10/15	Komite for næring, kultur og idrett	26.02.2015

SØKNAD OM KULTURMIDLAR - EINGONGSINVESTERING, BERGSØY IDRETTSLAG

Tilråding frå rådmannen:

1. Bergsøy Idrettslag får tilsegn om tilskot til eingongsinvestering på kr. 20 000 til miljø og folkehelseiltak langs Heid Turløype slik omsøkt.
2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre kvitteringar for gjennomført prosjekt.
3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.231 Prosjektmidlar.

Særutskrift:
Bergsøy idrettslag Turgruppa
Økonomileiar
Folkehelsekoordinator

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Søknad
- 2 Kostnadsberekning, finansiering og drift

Saksopplysningar:

Bergsøy IL Trimgruppa planlegg å legge til rette for miljø- og folkehelseiltak langs deler av Heid Turløype. Når komiteen for næring kultur og idrett har handsama denne søknaden vil den bli sendt Møre og Romsdal Fylkeskommune som dokumentasjon i nemnte spelemiddelsøknad.

Gruppa planlegg å nytte fyrste del av løypa, 1 byggesteg/ca. 600 m, og søker i høve dette om tilskot til kvilebenkar og utandørs trimapparat.

Lysanlegg langs løypa er allereie etablert slik at denne og dei nemnte tiltaka kan nyttast heile året.

Vurdering og konklusjon:

Søknaden frå Bergsøy IL Trimgruppa oppfyller kulturmidlane sine retningsliner for tilskot til eingongsinvesteringar/prosjekt.

Ved tilskot til eingongsinvesteringar seier retningslinene at:

- maksimumsbeløp for tildeling er kr. 40 000
- dekninga skal ikkje overskride ¼ del av kostnadane

Bergsøy IL Turgruppe har søkt om eit tilskot på kr. 20 000. Totalt er prosjektet kostnadsberekna til kr. 168 000.

Rådmannen meiner at Heid Turløype og dei beskrivne miljø- og folkehelseiltaka er eit viktig bidrag for å leggje til rette for betre folkehelse blant innbyggjarane. Aktiviteten vil erfaringsmessig bli nytta mest av dei som bur i nærleiken, men det er grunn til å tru at anlegget også vil tiltrekke seg innbyggjarar frå heile kommunen og kommunane i kring samt besøkande til Herøy.

Konsekvensar for folkehelse:

Å drive med fysisk aktivitet i naturen og i nærmiljøet skårar høgast når det gjeld det folk ynskjer å gjøre meir av i kvardagen. Born og unge, voksne og eldre er meir fysisk aktive dersom parkar, grøntområde, anlegg for rekreasjon og mosjon, kollektivtransport, servicetilbod og butikkar ligg i nærleiken av heimen eller arbeidsplassen. Samanhengande gang-, sykkel- og turstiar, parkar og grøntområde og sikring og tilrettelegging av friluftsområder der folk bor er derfor viktige tiltak.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Konsekvensar for økonomi:

Ingen ut over allereie vedtatt budsjett for 2015.

Fosnavåg, 25.02.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

Fosnavåg, 14.01.2015

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2012/62	Saksbeh. AK
14 JAN. 2015	
Ark.kode P	C20
J.nr.	Dok.nr. 44
Kategori	

Herøy kommune, kulturavdelinga,
Postb. 274,
6099 Fosnavåg

Søknad om tilskot til miljø- og folkehelseiltak langs Heid Turløype.

Bergsøy IL Trimgruppa har planar om å legge til rette for miljø- og folkehelseiltak langs delar av Heid Turløype.

Vi tenkjer å nytte 1. del av løypa (1. byggesteg), ca 600 m til miljø- og folkehelseiltak, der bevegelsehemma, overvektige, svaksynte og eldre kan bevege seg oppover i løypa, nytte benkane som vert sett ut til mål eller kvile, samt nytte trimapparata som vert sett ut.

Turløypa frå starten ved TUSSA-bygget har kvit grus, er ca 2,5 m brei, har eit par mindre kneikar som dei fleste vil greie å meistre. På toppen av 1. kneika vil ein benk med rygg verte plassert.

Det er avtalt med grunneigar å kunne sette ut nokre trimapparater langs løype. I denne omgang 3-4 stk. I tillegg vert nokre enkle benkar plassert ut opp over i løypa (dalen) med passande avstand. Benkane og trimapparata skal støypast fast slik at dei er trygge å sitje på, bruke.


Det er bygt lysanlegg langs løypa så tiltaka kan nyttast heile året.

Det er ynskjeleg å kunne søkje om tilskot frå spelemidlane til tiltaket.

Det er innhenta prisar på benkar og ulike typar trimapparat utan at det er teke konkret stilling til kva som skal kjøpast. Det avheng også av kva tilskot ein kan få.

Bergsøy IL, Trimgruppa søker med dette kommunen om eit tilskot på kr. 20.000 til tiltaket slik at det kan søkjast om spelemidlar innan fristen 15. jan. 2015.

Med helsing

Bergsøy IL Trimgruppa

Gunnar Sævik
6094 Leinøy

Vedlagt forslag til budsjett og finansieringsplan.

Heid Turløype. Miljø- og folkehelseiltak

Fosnavåg, 06.01.2015

Kostnadsberegning, finansiering og drift:

Ein ser føre seg slikt kostnadsoverslag for Miljø- og folkehelseiltak i Heidområdet:

Stk		Sum kjøp eks.m.v.a	M.v.a	Sum kjøp inkl. m.v.a	Dugnad	Sum total
2	Rastebord a kr. 1800,-			3600		3600
3	Benkar m rygg a kr. 1200,-			3600		3600
5	Benkar u rygg a kr. 700,-			3500		3500
1	Utandørs trimapparat - Armgang	26080	6520	32600		32600
1	Utandørs trimapparat - Balansebro	33060	8265	41325		41325
1	Balansestokker	4000	1000	5000		5000
1	Ringer klatrestang	29700	7425	37125		37125
	Sand, sement, skruar mm – alle apparat	2400	600	3000		3000
40	Galvaniserte fester for benkane	4000	1000	5000		5000
	Dugnad - 90 t x 300				27000	27000
	Uforutsatte utgifter	5000	1250	6250		6250
	SUM	104240	26060	141000	27000	168000

Finansieringsplan

Søknadsum	80000
Dugnadsarbeid a kr. 300 x 90 t	27000
Eigne midlar	21000
Andre tilskot	20000
Kommunalt tilskot	20000
Sum	168000

Plan for Drift:

Ein ser føre seg slik årleg driftskostnad:

Vedlikehald av apparata, event. nye benkar, skader, materialar, mv	10.000
SUM	10.000

Bergsøy IL, Trimgruppa i samarbeid med Heid Turløyper og kommunen skal ha ansvar for aktivitetstilboda i Heidområdet. Arbeidet skal gjerast på dugnad så langt råd er der Trim-gruppa i BIL skal koordinere arbeidet.

Heid Turløyper, rundløypa er ca 2500 m inkl. gåveg Lisjebø.
Tur til Hornseten frå Heid m/ retur er ca 2300 m.

Vi tenkjer å nytte 1. del av løypa, ca 600 m til miljø- og folkehelseiltak, der bevegelsehemma, overvektige, svaksynte og eldre kan bevege seg oppover i løypa, nytte benkane som vert sett ut til mål eller kvile, samt nytte trimapparata som vert sett ut.

Benkane og trimapparata skal støypast fast slik at dei er trygge å sitje på.

Tanken er å sette opp fleire trimapparat etter kvart som behovet er tilstades vidare ute i løypa. Også fleire benkar etter behov.